

Radar



2013 nr. 3

Kyrkjeblad for Radøy sokn

29.årgang

Takk for gåva!

Dette flottet bordet har Arild Nordanger laga til Hordabø kyrkje!

Han har tidligare gjeve kyrkja eit slikt bord og eit skrin. På førespurnad laga han eit bord til, så no har me to slike fine bord! Dette er me svært takksame for, og dei vert nytta i kvar gudsteneste. Tusen takk!



Uil du vera med i barnekor?

Hordabø minikantori øver i Hordabø kyrkje kvar onsdag kl 17-1730. Dette er for born frå ca 3 år og oppover. **Barnekantoret** er for dei litt større borna, frå 4. klasse og oppover. Me øver onsdagar kl.1735-1820. For spørsmål kontakt Sølvi Helen K. Mjøs



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger

Tlf 5634 9840

Kontor- og telefontid
Måndag til fredag
kl 10 til 14

facebook.com/radoysokn
twitter.com/radoysokn

For epostadresser sjå
www.radoysokn.no

Dagleg leiar Audun Sylta
901 95 179

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796

Trusopplæringsmedarbeidar
Willem Vogelaar
479 73 670

Leiar for konfirmantida
Marit Nesse 908 91 452

Organist J. William Kay
915 91 482

Organist Mette H. Hjelmeland
480 38 504

Dirigent Radøy damekor
Jūratė Norkuvienė
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar Hordabø/Manger
Sølvi Helen K. Mjøs
456 05 639

Kyrkjetenar Sæbø
Marta G. Hvidsten 909 18 214

Nytt frå dagleg leiar



Radøy sokn har hatt ei godt arbeidsår. Vi er velsigna med stabile arbeidstakarar som tar ansvar og utfører oppgåvene sine på ein god måte for innbyggjarane våre.

I september fekk vi tilsett trusopplæringsmedarbeidar. Rett nok må vi dela han med Austrheim og Fedje men for oss er det ein ny kvardag å ha ein person som har trusopplæring som si einaste oppgåve. Stillinga er stort sett finansiert frå Bjørgvin bispedøme med litt ekstra tilskot frå kommunane.

Den økonomiske stoda gjer at vi kan driva soknet nøkternt, og så langt ser det ut til å verta eit lite overskot på rekneskapen i 2013. Vi fekk diverre ikkje midlar til å mala Manger kyrkje i 2013. Det ser ut som det kan verta vanskeleg også i 2014 ut frå budsjettet som truleg er endeleg vedtatt i kommunen når bladet kjem ut. Overføringane har vore uendra frå 2011 sett bort frå kompensasjon for lønsauke. Dette gjer at det vert litt trongare for kvart år ettersom prisane aukar. Radøy kommune og politikarane fortener likevel ros for at vi kan halda drift og bygningar på det nivå det har i dag. Det er ikkje sjølvstøtt at det er slik når vi ser oss rundt til andre kommunar.

Også i år har vi hatt glede av mange frivilljuge som gjer sitt til at både gudstenester og anna kyrkjeleg arbeid vert utført på ein god måte. Vi skulder dei stor takk. Den nye gudstenesteordninga har fått fram nye utfordringar, men har også gjeve mange fleire høve til å vera meir aktivt med og i 2013 har vi fått ein fin gjeng av frivilljuge medliturgar som gjer ein framifrå innsats i gudstenestene.

Vi ynskjer dykk alle ei god julehelg og eit godt nytt år.

Audun Sylta
Dagleg leiar

KAFFEKROKEN



Venner for livet?



I 2013 har vi ungdomsår i Bjørgvin bispedøme. I møta våre med ungdom hentar vi ofte fram dette biletet som står saman med andakten. Det passar som hand i hanske med juleevangeliet.

Biletet viser Jesus og den egyptiske munken Menas frå ca. år 600. Det blir gjerne kalla «Jesus og vennen hans» og heng i dag i Louvre i Paris.

Ofte når Jesus blir skildra i kunsten er han tydeleg større enn menneska som omgir han. Men i dette biletet er dei jamlike. Jesus og munken er omtrent like høge, og Jesus legg handa si rundt munken sine skuldrer. Dei er venner og går vegen saman.

Dette er eit bilete som fell i god jord hos ungdom, fordi det viser venner som bryr seg om kvarandre, der den eine ikkje gjer seg stor på den andre sin kostnad.

Jesus vil ikkje vere fjern, men nær. Jesus vil ikkje vere eit uløyst mysterium, men ein venn som gir seg til kjenne og vil vere den fortrulege følgesveinen gjennom livet vårt. Biletet minner oss om Jesu ord i Johannesevangeliet: «Eg kallar dykk ikkje tenarar lenger, for tenaren veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min». (15,15)

Då Jesus blei fødd og lagd i krubba, blei noko av Gud sjølv overgitt i hendene våre. I Jesus kom Gud oss så nær som det er mogeleg. Han blei ein av oss, ein bror og ein venn.

Ungdom i dag, som ungdom i går, er opptekne av vennskap. Mange har nære venner som betyr mykje for dei, men mange har også opplevd at venner sviktar. Somme veit kanskje ikkje om dei har ein verkeleg venn.

I ungdomsåret 2013 har det vore målet vårt at ungdom, og alle andre, skal få høyre at det her og no finst ein som alltid og under alle forhold vil vere vennen deira, slik han var det for munken Menas for mange hundre år sidan. Jesus er ein venn som ikkje sviktar og som aldri blir klok av skade.

Kan du sjå at munken skjeglar litt med venstre auge? Det er neppe ein glipp frå målarer si side. Med eitt auge ser han mot Jesus og med eitt auge ser han på vegen som ligg framfor. Slik fortel biletet noko om kva det er å vere ein kristen.

Speler Gud ei rolle i livet ditt? Betyr Jesus noko for deg? Viss ikkje, er det bra at du les dette og får sjå biletet av Jesus og vennen hans. Jesus er vennen som aldri gir oss opp, heller ikkje når vi går bort. Ville det ikkje vore fint å vere vennen hans?

*Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin*

Min salme

Som “Min salme” har eg denne gong valt “O store Gud”, skreven av den svenske songaren og songforfattaren Carl Boberg.

Songen vart til ein søndag i 1886, på veg heim frå kyrkje etter opplevingar av store kontraster ute i naturen frå strålende finvær til brå overgang til storm og uvær, for så igjen brått få tilbake finværet. Dei storslagne opplevingane greip Boberg til å utbryte - O store Gud – som same kveld vart til songen som vi kjenner.

I 1888 vart songen første gong framført med den svenske folketonen vi kjenner, og sidan har tekst og melodi nærast vore uløseleg knytt saman. For meg har songen, heilt frå eg vart kjend med han for ca 50 år sida, vore eit sterkt uttrykk for takk og lovsong til Gud som har skapt oss og den jord vi får leve på; ei takk og lovsong til Gud som gav oss Jesus når anna redning ikkje fanst; ei takk og lovsong til Gud for den framtid i Guds fellesskap og omsorg som ventar hans barn.

Per Bjørkhaug

O store Gud, når jeg i undring aner
hva du har skapt i verden ved ditt ord.
Ser universet med de mange baner,
og vet alt liv oppholdes ved ditt ord.
Da bryter lovsang ifra sjelen ut:
O store Gud, o store Gud #

Når jeg i Skriften ser de mange under
som Gud har gjort fra første Adams tid.
Og ser hvor trofast Herren alle stunder
har ført sitt folk igjennom livets strid.
Da bryter lovsang ifra sjelen ut:
O store Gud, o store Gud #

Når jeg så vet at Kristus lot seg føde.
Ja, at han gikk omkring og gjorde vel
Inntil han sonet verdens synd og døde,
Og oppsto for å frelse hver en sjel.
Da bryter lovsang ifra sjelen ut:
O store Gud, o store Gud #

Når så til slutt hvert tidens slør må falle,
og troens mål er nådd, så jeg får se,
vil evighetens klokke sjelen kalle
for tronen mellom skaren hvit som sne.
Da bryter lovsang ifra sjelen ut:
Takk, store Gud, takk, store Gud #

**Tekst: Carl Boberg, 1886
Melodi: Svensk folketone**

Jul med ny salmebok

Ein av dei engelske Christmas Carols som er mest sunge er Once in royal David's city. Då BBC tok til med overføringa av Nine Lessons and Carols frå King's College Chapel i Cambridge i 1928, hadde dei denne som prosesjonsong. Slik vert songen brukt mange stader i verda.

Teksten er skriven av Cecil Frances Alexander (1818-95). Ho vart født i Dublin og var bispinne i Derry and Raphoe frå 1867. Ho er ein av pionerane når det gjeld å skrive salmar særskilt for born, og boka Hymns for Little Children (1848) kom i ikkje mindre enn 69 opplag!

Henry John Gauntlett (1805-76) har skriva meir enn 1000 salmetonar. Av desse er denne den absolutt mest sunge. Alt ni år gammal vart han organist i kyrkja i Olney, der far hans var prest. Sett frå Noreg kan det vera verd å merkja seg at han i åra 1827-46 var organist i St. Olave's Church i Southwark midt i London.

T Cecil Frances Alexander 1848
O Kjetil Froya 1975
M Henry John Gauntlett 1849

46

I kong Da - vids by det hen - de som pro -
I ein stall og i ei krub - be vart eit
fe - ten had - de sagt. Bar - net var Guds san - ne
barn til kvi - le lagt.
ord. Møy Ma - ri - a var hans mor.

- 2 La oss gå til dette barnet som er Gud og Herren vår. Han kom ned frå høge himmel, ville dele våre kår. Alt det ringe og det svake vil han nådig til seg take.
- 3 Her på jorda barnet levde. Dag for dag han vaks lik oss. Heldt seg saman med det lave. Døden fann han på ein kross. Fridde seg or dødens makt, og sto fram i guddoms prakt.
- 4 Våre auge snart skal sjå han når vi møter han til sist. For det vesle barn i krubba er vår Herre Jesus Krist. Her ifrå han tek oss brått, fører oss dit han har gått.
- 5 Ikkje i ei ussel krubbe, bunden under jordisk band - men i himlen skal vi sjå han, ved Gud Faders høgre hand. Kringom han i kvitt vi står, alle som fekk barnekår.

© Cantando Musikkforlag A/S. Trykt med tillatelse

BARNAS SIDE

Fargelegg

Tegning: Vera Tataro



Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?



Tegning: Vera Tataro



Gullivers julekryssord!

Finner du løsningsordet?

Lykkelig ↓	Ikke motsagt ↓	Basseng ↓	Aksjeselskap ↓	Godt for helsen ↓
Åsen →		Ekornmat →		Kald Snop Bildeboks ↓
Gi melk →		Midt i hjulet →		
Toalett →		Tall →		
Hul →		Måned ↓		
Ikke alene ↓				
Mor →				Lever ←
Bindeord →	Berømt kineser ↓	Tre like ↑		
To like →	Drikk ↓	Ikke jeg ↓		
Detektiv ↓				Hvis (engelsk) ↑
Varg ... ↓		Sier kua ↑		



nettSPRELL.no

- Musikkvideoer
- Tegnefilmer
- BARNAS-konkurranser

Søndagsskolens nettside for barn!

BARNAS

14 blader + DVD + CD = kun 365,-

(privatabonnement hjem i posten)
Gruppeabonnement kun 189,- pr barn

Bestill på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00

TARNAGENTENE

tarnagentene.no

Tarnagentenes eget nettsted!



Trusopplæring i Den norske kyrkja

Som ein del av trusopplæringa har Den norske kyrkja sentralt utarbeidd ei rekkje «nasjonale breddetiltak», tiltak som skal gjennomførast av mange kyrkjelydar over heile landet.

Nokre av desse tiltaka har vi hatt i mange år, som babysong. Andre tiltak er nye, som Tårnagent-helg, Lys vaken og Kode B.

Her kjem ei oversikt over tiltak som er planlagt 2014.



BABYSONG

Føresette og barn lærer songar og bønner til kvardag og høgtider. Dette gir heimen hjelp til å markere kvardagar, høgtid og dei viktige hendingane i livet. Babysonggudsteneste er ein rikdom til fellesskapet i kyrkjelyden.



8 ÅR - TÅRNAGENT HELG

Barna løyser oppdrag og mysterium gjennom Bibelforteljingar og utforsking av kyrkjehus og klokketårn. Bibelforteljingane blir knytt konkret til handlingar og kvardagen til 8-åringane. Tårnagenthelg skal feirast mellom påske og pinse.
www.tarnagenthelg.no

LysVåken

11 ÅR - LYS VAKEN

Overnatting i kyrkja for 11-åringar natt til første søndag i adventstida. Barna får oppleve ei kyrkje som rommar alle, der dei deler tradisjonar og verdiar og eit fellesskap med heile kyrkjelyden. Vi skal vera lys vakne for Gud, kvarande og oss selv. Ikkje minst kan vi oppleve at Gud er LysVåken for oss.
www.lysvaken.no



12 ÅR - KODE B

Korleis vart Bibelen til? Kva er skilnaden mellom Det gamle testamentet og Det nye testamentet? Og korleis kan vi lese Bibelen i dag? Kode B-samlingane inneheld mellom anna mange aktivitetar, gode samtalar og kodar som skal løysast.
www.kodeb.no



15 / 16 ÅR - MILK

MILK er MINILEIARKURS til 15-16 åringar. MILK er eit samarbeidsprosjekt mellom Den Norske kyrkja og KFUK-KFUM. Namnet spelar på "melk og ikke fast føde". Det er eit enkelt leiarkurs for ungdom (fjorårskonfirmantar) med liten leiarerfaring. MILK-kurset er eit eittårig kurs som går frå september til juni.

Frå soknerådet

Ein viktig sak for soknerådet denne hausten har vore budsjettet for neste år.

Dei fleste postane er berre forsiktig justert for prisstigning. Utfordringa vår, i motsetnad til andre felleråd med eitt sokn, er at me skal drifta tre kyrkjer der andre gjerne berre har ei. Radøy har seks gravplassar, noko som også fører til store kostnader. Det bind mykje midlar til løn, drift og vedlikehald. Kyrkja driv nøkternt og det er ei utfordring å finna kor ein kan gjera innstrammingar og kutt utan at det får alvorlege følgjer for dei tenestene me skal utføra. Rekneskapan for 2012 syntte underskot på kr. 91593.

Manger kyrkje treng maling. Malinga flassar av sjølv om det sist vart malt i 2006. Vi har derfor budsjettert med kr. 400000 på posten for vedlikehald og reparasjon av kyrkjer. Utgiftene til pensjon og løn auka ein del også i 2013. Forsikring av kyrkjebygg har nærast dobla seg.

Offer til eiga drift må som tidlegare år prioriterast også i 2014. Vi har lagt inn ein liten auke i satsane for festeavgifter og prisar på ein del tenester for å få balanse i drifta. Gjennom å ha stabile prisar på tenester, vonar vi å få til ei drift som tener innbyggjarane på ein god måte og gjer at kyrkja framleis er ein trygg arbeidsplass. Overføringa frå kommunen må aukast med kr. 390 700 for at budsjettet for 2014 skal gå i balanse. Vi vonar dette finn ei løysing i år slik at forsømd vedlikehald kan verta utført i 2014.



Simon Grandahl
Leiar 2012-2013
Administrasjonsutvalet
Offerkomiteen



Gudrun Rikstad
Nestleiar 2012-2013
Administrasjonsutval



Elin Klausen
Vara, administrasjonsutval
Kyrkjelydsutvalet i Manger



Ludvig Grindheim
Administrasjonsutval
Kyrkjelydsutvalet i Hordabø



Marta Grønstad Hvidsten
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø



Britt Sissel Kvamme
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø
Redaksjonsnemnd, Radar



Kenth Remy Nesbø



Silje Kristin Ellingsen
Offerkomiteen
Vara, administrasjonsutval

Meir enn berre Radar...

Radøy sokn var tidleg ute med internettsider, og er også til stades både på Twitter og Facebook.

Stadig meir informasjon vert formidla til kyrkjelyden elektronisk gjennom alle desse kanalane. Oppdatert informasjon om gudstenester, konsertar, soknerådsmøte og ledige stillingar er noko av det vi legg ut. Det kan hende at eit arrangement vert flytta eller avlyst, eller at ei gudsteneste ikkje kjem med i lokalavisa. Twitter og Facebook er då dei beste måtane å halde seg oppdatert på!

Som Twitter-bruker kan du fylgje @radoysokn. Er du på Facebook, kan du gå inn på facebook.com/radoysokn og trykke på "Liker". Då vil du få våre statusoppdateringar inn på vegg din.

I tillegg finst det egne nettsider for trusopplærings-eininga Austrheim, Fedje og Radøy: www.melagarein-plan.no Her kan du koma med idear og innspel til trusopplæringsarbeidet!

Hordabø kyrkjelydsutval - trekningsliste

Inntektene går til kjøp at nye stolar til Hordabø kyrkje.

Kake med underhaldning... Miriam og Mariell Titland Sundt
Fisketur... Inger og Kristian Nordanger
Lunsj i kyrkjetårnet... Ulrikke Haugland
Sundagstur med ordføraren... Arne Villanger
Reservert plass i Hordabø kyrkje... Astrid Haugland
To køyretimar... Borghild Røraas
To høner eller eit Brett med egg... Svanhild Steindal
Gåvekort Bunnpris... Tuva Oline Håland
Gåvekort Byggeren... Margun Mjøs
Rosemåla fat... Klara Rosnes
Gåve frå Tørkeloftet... Arne Villanger
Gåve frå Twiggy... Helga og Otto Marøy
Gåvekort Risnes Elektro... Fam. Arve Haugland
Ryggsekk frå Sparebanken Vest... Laila Lilletvedt
Gåvekort Risnes Eigedom AS... Amalie Rognsøy
Produktpakke Mariannes Frisør... Arne Villanger
Omo 4,5kg, Felleskjøpet... Emma Christensen
Gåvekort Tørkeloftet... Randi Laupsa Austmarka
Gåve frå Kvalheim VVS... Kristen Kvalheim
Gåvekort frå Soderstrøm Blomster... Borgny Marøy
Gåve frå Frantzens Gartneri... Kalle Vangberg
To krukker... Hildegunn Kolås
Tupperware-varer... Dagrund og Svein Mjøs
Handdukk & labbar... Målfrid og Kåre Marøy
Kaffikanne... Fam. Steinar Soltvedt



Familiennytt



Døpte

- 13.10.2013 Adriana Hagesæter Lie
 13.10.2013 Isak Gjerde
 20.10.2013 Jenny Helene Humlestøl Mellingen
 20.10.2013 Fredrik Solen Risnes
 20.10.2013 Madelen Holsen
 20.10.2013 Linnea Waldersnes Vågenes
 20.10.2013 Liana Waldersnes Vågenes
 10.11.2013 Anna Serine Hervik
 17.11.2013 Sander Helland Christensen
 24.11.2013 Emrik Bø Marøy
 24.11.2013 Maria Cassandra Piedad Bergesen
 01.12.2013 Vegard Austgarden Rong

Døde

- 26.11.2013 Inger Johanne Vågenes
 29.11.2013 Aslaug Alfhild Gjerde
 29.11.2013 Elling Leiv Nødtvedt
 03.12.2013 Svein Atle Straume

(Alle datoar er seremonidatoar.)

Minnegåver

Vi har i 2013 mottatt to minnegåver til støtte for arbeid med orgelet i Manger kyrkje. Til saman kom det inn kr. 34 000 i samband med gravferdene til Einar Haugland og Meinert Helland. Vi takkar for gåva.



Tysdagstreff i Sæbø kyrkje

Dei tidlegare fredagstreffa vert i det nye året flytta til tysdagar.

Fyrste gong inviterer me til "Tapas kveld" i kyrkja, tysdag 28. januar.

Samlingane varer frå klokka 19 til 21. Me samlast fyrst om eit tema, etterpå blir det god mat og prat.







Unge vaksne, midt i livet eller litt eldre, alle er velkomne! Neste treff etter januar vert tysdag 25.mars. Sett av datoane og kom!

Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
08.09 16.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	3158,00
15.09 17.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	4601,00
22.09 18.sundag i treeiningstida	IKO – Kirkelig Pedagogisk Senter	2285,00
	Trusopplæring i Radøy	2184,00
29.09 19.sundag i treeiningstida	Norsk Lærerakademi	2006,00
06.10 20.sundag i treeiningstida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	2085,00
13.10 21.sundag i treeiningstida	JOIN	1919,00
20.10 22.sundag i treeiningstida	Bergen Søndagsskolekrets	3140,00
27.10 Bots- og bønenedag	Signo	1257,00
03.11 Helgemessesundag	Ikkje offer denne sundagen	
10.11 25.sundag i treeiningstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland	1626,00
17.11 26.sundag i treeiningstida	Det Teologiske Menighetsfakultetet	2467,00
24.11 Kristi kongedag	Norges Samemisjon	2212,00
01.12 1.sundag i adventstida	Trusopplæring i Radøy	1637,00


	Denne perioden	Hittil i år
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	2085,00	12043,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	11580,00	36130,00
Offer til særskilte prosjekt i soknet (orgel, stolar):	0,00	7230,00
Offer til andre organisasjonar:	16912,40	90127,90



Korleis har du det eigentleg?

Kirkens SOS
 815 33 300
 www.kirkens-sos.no





Brått kjem ein sterk vind.
Bølgjene blir store. Dei slår over
båten. Læresveinane er redde.
Dei vekker Jesus og ropar:
«Vi søkk». Jesus seier: «Kvifor
er de redde? Eg er jo her.»



Trusopplæring

Dåpen er ei vakker hending. Borna våre får tilhøyre Gud. Men korleis lærer vi ungene våre å bli kjent med Gud?

Vi har lyst til å hjelpe dykk i gang med trusopplæring. Når det nærar seg markering av den første dåpsdagen vil hovudfadder få ein invitasjon til å hente ei gåve på kyrkjekontoret. Denne gåva skal fadderer gje til barnet når dei feirar årssdagen for dåpen.

Andre året skal fadderer også få ein invitasjon til å hente gåve på kirkekontoret. Då ynskjer kyrkja å gje barnet boka «Bibelboka mi». Boka er ein flott barnebibel som er meint for born mellom 2-4 år.

Ta deg tid. Sett deg ned med boka. La ungene få høyre historia om Jesus. Ynskjer du fleire gode tips til trusopplæring heime eller har du nokre forslag? Ta gjerne kontakt med meg.

Wilco Vogelaar
-trusopplæringskoordinator

**MANGER
GRAVMONUMENT**

5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale
terje.skjelvik@broadpark.no



BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

KVALHEIM VVS
AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA

Postboks 1 - 5931 MANGER



Tlf 5637 4073 / kval.vvs@frisurf.no
Måndag - fredag 0900-1630
Laurdag 1000-1400



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no

**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**
Vi ordner alt vedrørende
dødsfall i distrikt og by.
DØGNVAKT TLF 5637 1410
www.nordh-bb.no

**MTI
IT SERVICE**

**Vatne
Begravelsesbyrå**
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon
Tlf 56 35 16 61 - Kontor

ÖKO NOR
ACCOUNTOR GROUP

BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

**RISNES
ELEKTRO AS**
Elinstallatør - Lampebutikk

SparebankenVest

REMA 1000
bare lave priser

Manger Senter
09-22 (20) 5637 2255

Bli pipefadder!
*Bli pipefadder
og støtt orgelet i
Manger kyrkje!*
Sjå radoysokn.no

Tørkeloftet AS
Blomster & interiør
Manger Senter
Tlf: 56374020
torkeloftet@gmail.com
Vi hjelper deg med blomster til alle
anledninger.

Smiths
møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

**ENTREPRENØR
Rune Ulvatn AS**
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

Sjå og nett-
sidene våre
og følg oss på
Facebook!

søndag 15. desember	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 15. desember	1500	Manger kyrkje. Julekonsert ved Radøy musikkråd.
søndag 15. desember	1500	Sæbø kyrkje. Julekonsert ved Radøy musikkråd.
søndag 15. desember	1800	Hordabø kyrkje. Julekonsert ved Radøy musikkråd.
mandag 16. desember		Manger kyrkje. Julekonsert ved Radøy kulturskule.
fredag 20. desember	1800	Manger kyrkje. Julekonsert ved Manger folkehøgskule.
søndag 22. desember	1900	Manger kyrkje. Julekonsert ved Manger musikklag.
tirsdag 24. desember	1430	Emigrantkyrkja. Gudsteneste.
tirsdag 24. desember	1430	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
tirsdag 24. desember	1600	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
tirsdag 24. desember	1600	Manger kyrkje. Gudsteneste.
onsdag 25. desember	1200	Hordabø kyrkje. Festgudsteneste.
onsdag 1. januar	1200	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 5. januar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 12. januar	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 19. januar	1100	Manger kyrkje. Misjonsgudsteneste.
søndag 26. januar	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 2. februar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 9. februar	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av NT til 11-åringane.
søndag 9. februar	1600	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av NT til 11-åringane.
søndag 16. februar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av NT til 11-åringane.
søndag 16. februar	1600	Emigrantkyrkja. Gudsteneste. Utdeling av NT til 11-åringane.
søndag 23. februar	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 2. mars	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
onsdag 5. mars	1900	Manger kyrkje. Musikkandant / Aftansong.
søndag 9. mars	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 16. mars	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 23. mars	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 30. mars	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja,
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”*

Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.

Ei oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene finn du også på internett.
Sjå dessutan kunngjeringar i lokalavisene.

Redaksjon: J. William Kay, Audun Sylta, Ludvig Grindheim, Gudrun Rikstad, Britt Sissel Kvamme

Bilete: Sølvi Helen K.Mjøs, J. William Kay, José Porras

Utforming: J. William Kay • E-post: radar@radoysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

